



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkeskommunen sin økonomi - folkevaldopplæring

Tore Eriksen, fylkestinget 12.mai 2016

Generelt

Tenking versus teknikk.

Kommuneøkonomi versus bedriftsøkonomi.

Forholdet mellom økonomiplan og årsbudsjett (§ 44 - § 45-47).

Forholdet mellom årsbudsjett og rekneskap (§45-47 - § 48).

Forholdet mellom årsrekneskap og årsrapport (§ 48).

Forholdet mellom tekst og tal.

Nøkkeltal (2015):


- Driftsøkonomi: ca. 2,5 mrd. kr.
- Investeringsnivå: ca. 275 mill. kr.
- Lånegjeld 2015: ca. 2,1 mrd. kr.

Årsbudsjettet (kommunelova, § 45-47)


- Obligatorisk. Fylkesutvalet tilrår, fylkestinget vedtek.
- Lova «kjenner» - på dette punktet - ikkje fylkesrådmannen (endra i 1992).
- Bindande plan, også for alle organ under fylkestinget.
- Tydeleg krav om realisme.
- Krav om oversiktleg form og krav om standardisering.
- Krav om at alle mål og premissar skal kome tydeleg fram.
- Krav om å skilje mellom investeringar og drift, jf. høve til låneopptak (§ 50).
- Må gje eit driftsresultat som minst dekker R + A + naudsynte avsetjingar.
- Må, om naudsynt, endrast i løpet av året (tertial 1 og 2 + desember).
- Streng form- og innhaldskrav, svake prosesskrav.

Driftsbudsjettet 2016

Inntekter 2016



Utgifter 2016



Lokale inntekter og bufferfond (84 mill.kr i B-16)

Lokale inntekter: Aksjeutbytte og vinst ved sal av konsesjonskraft

Bufferfondet: Skal vere ei sikring mot årlege svingingar i lokale inntekter.

I 2016:

- 65 mill. kr brukt til driftsføremål.
- Overskytande avsett til ekstraordinært avdrag og til bufferfond.

Etablert «handlingsregel» for bufferfondet:

- Min. 70 mill. kr, sikring mot framtidige endringar i rammeføresetnader.
- Overskytande første år (ØP) kan nyttast til tiltak i heile planperioden.
- Ev. slike midlar skal setjast av til aktivitetsfond for drift / investering.

Strategi no i omstillingsarbeidet:

- Overskytande midlar vert reservert til framtidige driftsutfordringar.

Inntektssystemet (IS)

- Hovudinntektene våre er frie inntekter; Rammetilskot og fylkesskatt.
- Blir tildelt via IS = eit fordelingsystem.
- Målet er at alle fylka skal kunne tilby «likeverdige tenester».
- Fase 1: Rammetilskotet minus Nord-Norgetilskot / skjønstilskot (4%).
- Fase 2: Ny del trekt ut og gitt ei «Særskild fordeling»: fylkesveg (opprusting/ fornying), barnevern, fagskular, tunnelsikkerheit, tapskompensasjon mv.
- Fase 3: Resten blir fordelt som likt beløp pr. innbyggjar (innbyggjartilskot).
- Fase 4: Innbyggjartilskotet blir omfordelt via ei utgiftsutjamning (kostnadsnøklar for vg. opplæring, f-vegar, kollektivtrafikk land/sjø, tannhelse), ei korreksjonsordning (skular), ei overgangsordninga (5 år) og etter ei inntektsutjamning.
- Utgiftsutjamninga skal vere fullstendig (demografi, topografi, sosiale forhold).
- Skatteutjamninga/inntektsutjamninga er ikkje vere fullstendig.



Samanvegd kostnadsnøkkel

<u>Kriterium</u>	<u>Vekter</u>
Innbyggjarar 1–18 år	0,0354
Innbyggjarar 16–18 år	0,4467
Innbyggjarar 19–20 år	0,0033
Innbyggjarar 67 år og over	0,0053
Innbyggjarar 6–34 år (ut over 0,32)	0,0642
Innbyggjar i alt	0,0186
Psykisk utviklingshemma 18 år og over	0,0013
Søkjarar i høgkostnads utdanningsprogram	0,1020
Reiseavstand	0,0126
Innbyggjarar per km offentleg veg (ut over 17)	0,0493
Innbyggjarar busett spreidd (ut over 0,002)	0,0545
Fylkesfaktor båtar	0,0237
Ferjesamband	0,0369
Fylkesfaktor drift og vedlikehald (MOTIV)	0,1276
<u>Veglengde fylkesveg</u>	<u>0,0186</u>
<u>Sum</u>	<u>1,0000</u>

Finansreglement

Fylkestinget skal sjølv gje reglar for fylkeskommunen si finansforvaltning.

Finansreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar fylkestingsperiode.

Reglementet skal omfatte forvaltning av:

- Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål
- Langsiktig finansiell aktiva
- Gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar

Gjeldande reglement vart vedteke i FT-sak 54/12.

Vi legg opp til å fremje sak om finansreglementet for FT i oktober 2016.

Fylkesrådmannen rapporterer til FT tre gongar pr. år

Strategi for sal av konsesjonskraft

Fylkeskommunen – ein sjølvstendig aktør i kraftmarknaden

Nyttar Markedskraft AS som forvaltar.

Fylkestinget har i FT-sak 24/12 vedteke gjeldande risikostrategi:

- 3-årig rullerande sikringsstrategi
- I budsjettåret – 80 % prissikra, 20 % i spotmarknaden
- Valutasikring (EUR-NOK) vert gjort parallelt med all sikringshandel

Fylkesrådmannen rapporterer til FT 3 gonger pr. år

Fylkeskommunen; prosess årsbudsjettet/økonomiplan

I reglementet for fylkesutvalet (des-15).

«Fylkesutvalet, med tillegg av hovudutvalsleiarane og gruppeleiarane for dei partia som ev. ikkje er representerte i fylkesutvalet eller har hovudutvalsleiar, har funksjon som finansutval i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan (og som planutval i arbeidet med regionale plansaker).»

Finansutvalet bruker fylkesrådmannen som sekretariat.

Fylkesrådmannen fremjar til finansutvalsmøta eigne, nummererte arbeidsdokument, med konkrete tilrådingar. Det vert i møta ført møteprotokollar.

Det gjeld både for årsbudsjetteringa og for økonomiplanlegginga.

Finansutvalet sitt siste årlege møte er i første del av november. Finansutvalet sitt forslag til budsjett går så vidare til FU, som så må kome med ei tilråding – som må leggjast ut – før FT kan gjere sitt endelege vedtak.

Fylkeskommunen – dokument årsbudsjettet/økonomiplan

Fylkeskommunen har pr. dato eit veldig bra B/ØP-dokument.

ØP-delen blir framleis innarbeidd i B, sjølv om B- og ØP-prosessane har skilt lag.

ØP i juni er for tida eit «endringsdokument».

Hovudpunkt (B):

- Generell innleiingsdel, inkl. noko om styringssystemet og BMS.
- Taldel for investeringar og drift.
- Investeringsdel/kapitaldel, kontoklasse 0, sortert på prosjekt.
- Driftsdel, kontoklasse 1, sortert på sektor og herunder på programområde.
- Programområda er vidare sorterte på tenester og funksjonar.

Budsjettreglementet (6 sider), fremst, klårgjer kva rettar og plikter kvart organ har i høve budsjettgjennomføringa. Reglementet presiserer og reglane for låneopptak og rekneskapsavslutninga. viktig!

Kommuneproposisjonen for 2017

Vekst i frie inntekter med ca. 300 mill.kr til fylkeskommunane.

- 100 mill. kr – demografi
- 50 – 100 mill. kr pensjon
- 50 – 100 mill. kr blir «frie», ev. til fylkesvegvedlikeholdet.

Ferjeavløysingsordning:

- Søknadsbasert, retningslinjer kjem no.
- «Delfinansiering».
- Inntil 40 år.
- Det ser ut som om heile «samband» må avløysast.

KP 2017 - kostnadsnøkkelen for båt og ferje

«Departementet varslet i kommuneproposisjonen i fjor at vi ville arbeide videre med kostnadsnøkkelen for båt og ferje. Som en del av dette arbeidet har listen over ferjesamband som inngår i inntektssystemet blitt kvalitetssikret av Vegdirektoratet. Dette er gjort for å sikre at hva som regnes som et ferjesamband blir definert likt i ulike deler av landet. Listen over ferjesamband er lagt ved kommuneproposisjonen.

Departementet har også gjort nye analyser av utgiftene til båt og ferje, men vi har ikke funnet bedre alternativer enn dagens kostnadsnøkkel. Vi vil fortsette arbeidet med kostnadsnøkkelen for båt og ferje framover, og har lyst ut et prosjekt for å få et eksternt miljø til å komme med innspill til ny delkostnadsnøkkel.»

*Resultat SFJ: Vi går ned med ca. 20 mill.kr (pr. år) tilsvarande 1 – eitt - ferjesamband.
(Hisarøy / Barmsund + Solvorn)*

KP 2017 – retningslinjer for ferjeavløysing

KMD sin presentasjonstekst av 11.05.16:

«**[Vurderes hvis deltakelse fra Sogn og Fjordane:]**

Veiprosjekter som innkorter et ferjesamband, uten å avløse det helt, er ikke omfattet av ordningen. Beløpet som blir gitt til ferjeavløsning blir beregnet på bakgrunn av tap innenfor inntektssystemet når et ferjesamband avløses av en bro eller tunnel. Slik dagens kostnadsnøkkel er utformet, vil en innkorting av et ferjesamband ikke gi noe tap i inntektssystemet for fylkeskommunen. Fylkeskommunen vil dermed få en form for ferjeavløsningsmidler gjennom kriteriedata i inntektssystemet, og vil ikke komme dårligere ut når det bygges en bro eller tunnel. Departementet vil vurdere hvordan innkorting av ferjesamband skal håndteres i ferjeavløsningsordningen når kriteriet for ferjer i inntektssystemet eventuelt endres.»